

## **Søknad om opprustning og vedlikehald av landbruksveg.**

Søkjjar:

SELLEVOLL KULTUR OG LANDSKAPSPLEIE ,

Claus Sellevoll

GNR/BNR: 147/3, Alver

Vegen det er snakk om er den gamle torvvegen som vart utlagt ved jordskiftet i 1937 og som gardsbruka på Sellevoll har bruksrett til. Vegen er skildra i rettsboka frå utmarkstskiftninga på Sellevoll avslutta i 1937, og avlagd på jordskiftekartet frå 1936. Også seinare utskilde bruk er gjevne rett til bruk av vegen. Vegen vart lagt der den vart lettast å føra den fram.

Grunneigar 147/5, 6 er positiv til oppgradering og vedlikehald av den gamle torvvegen slik den går i dag, med utgangspkt i standarden for ein framkomeleg traktorveg. Det er snakk om totalt 150 løpemeter veg over grunneigar 147/5,6 og vidare ca 50 løpemeter opp til beitemark på underteiknande sin grunn, 147/3.

### **Føremål med vegen :**

Vegen er meint til landbruksføremål. Bruk 147/3 ynskjer å setja i stand det gamle utmarksbeitet i Veneset. Vi har også planar om å restaurere dei gamle torvhusa lengst nord i Sellevollmarka. Ved å halda dei i hevd kan dei, ikkje berre vere eit minne om svunnen tid, men også vere ein ressurs for framtida, som i Veneset, der dei kan fungere som smalehus for utegongarar (villsau). I Veneset er det også 2000 kubikk hogdsmoden granskog.

### **Tiltak:**

I deler av dette landskapet ser ein tydelege teikn på at landskapet er i ferd med å gro att med einer, kratt og skog. Utegrisar er gode jordfresarar og kan vende jorda på stader der det er grunne og vanskeleg å kome til med mekaniske jordreiskap. Grisebeiting vil difor vere første tiltak for å få hevd att på beiteenga.